

Utviklingsprosjektet barn/unge/formidling.

Status fagleg innhald og aktivitet per desember 2014, samt oppdatering for 2015.

Komposisjonsprosjektet Vi komponerer! – fagleg utvikling i 2014

Bakgrunnstanke: Kva skal borna læra?

- Ei erfaringslæring. Dei skal få oppleva, skapa og framføra musikk som befinn seg innafor ei heilt anna lydleg verd enn dei er eksponert for elles.

I løpet av 2014 har det kome inn tre nye aspekt i komposisjonsprosjektet "Vi komponerer":

Instrumentbygging

For å få ein større palett å jobba med, fleire klanger enn ein har hatt tilgjengeleg tidlegare. Eit viktig tilskot til ordinære instrument, som nokre av borna trakterer på ulike nivå, og Orff- og rytme-instrument, som skulane gjerne har.

Det er etablert ein koffert med instrumentbyggjarutstyr til bruk for komponistane som reiser ut i skulane.

iPad

BIT20 har investert i eit sett med iPadar som vert brukt ute i skulane. Borna jobbar med å sample lydar, samt integrerte lydar og set saman komposisjonar av dette. BEK utviklar ein eigen app for "Vi komponerer" som skal innehalda lydmateriale frå BIT20, både utdrag frå tidlegare innspelningar og innspelt materiale frå komposisjonen som Torstein Aagaard-Nilsen arbeider med, og som skal framførast i BFO sin familiekonserterserie 19. September 2015.

Kontaktmikkar

Ein får mykje ut av enkle lyd kjelder, som heimelaga instrument eller uortodoks bruk av verktøy som skulebarna brukar elles i skulekvardagen (blyantar, pennar, linjalar m.m.)

Det er etablert ein koffert med PA-anlegg, miksar og kablar til bruk med kontaktmikkar og iPad-orkester.

Kursing av komponistane/workshopleiarane – ressursgruppe/innspelsforum

Målet er å byggja eit kollegium som deler erfaringar og hjelper kvarandre til å utvikla seg vidare.

Det har vore gjennomført møter i ressursgruppe og innspelsforum der ulike aspekt ved formidlingsarbeidet har vore diskutert.

Kurs for dei som jobbar ute i skulen er gjennomført i desember 2014.

Elles har leiar for fagleg utvikling, Ole André Farstad delteke på Mustek- (teknologi i musikkundervisningen) konferanse i Oslo, vore på studietur til Casa da Musica i Porto og sett iPad-musikkprosjekt for born i Braga, Portugal på same reise.

Nettsida vikomponerer.no

Denne er under utvikling. Her skal opptak av skuleprosjekta leggest ut, og ho skal brukast som ein ressursbank for dei som jobbar i prosjekta, samt at prosjekta på skulane får ei lenger levetid etter dei er gjennomført, og ein kan førebu seg ved å sjå kva andre skular har gjort.

Praktiske hjelpemiddel

Det er utforma tre ulike "hugselister" for komponist 1 og 2, samt kontaktlærar på skulen.

Tilknytning til BIT20 sin øvrige kunstneriske aktivitet

Alle aspekta i utviklingsprosjektet vert integrerte i familiekonserteren *Fabula Grande*, som Torstein Aagaard-Nilsen arbeider med no. Verket er for BIT20 Ensemble, med medverknad av barn som komponistar og utøvarar. Det skal framførast av BIT20 i Bergen filharmoniske orkester sin familiekonserterserie i Grieghallen 19. September 2015.

Enkeltmusikarar frå ensemblet deltek ute på skulane på avslutningsdagen for dei vokeslange "Vi komponerer"-prosjekta med å spela ferdige komposisjonar, eventuelle grafiske partitur laga av borna og/eller deltek i borna sine komposisjonar saman med borna.

I 2014 gjorde BIT20 følgende konsertprosjekt for born/familiar:

Lydfabrikken – konsertforestilling for familiar (med mange lydstasjonar der BIT20-musikarar agerte på born sine handlingar, samt hands-on-perkusjonsstasjonar.

Skulekonsert for born som deltok i DKS-prosjekta. Black Angels av George Crumb blei framført i Grieghallen (Peer Gynt) for skuleklassar. Med introduksjon av Trond Madsen.

I tillegg gjorde BIT20 eit formidlingsprosjekt med Fana Folkehøgskole som framførte eigen komposisjon "Wonderful Wood" (perkusjonsprosjekt) i Bergen sentrum under Kulturnatt.

Gjennom DKS Bergen gjorde BIT20 komposisjonsprosjektet "Vi komponerer!" på følgende skular:

Prosjektene går over en uke i skolen. Barna jobber fram en komposisjon, og framfører denne, sammen med våre komponister/workshopledere. Datoene under refererer til konserten.

Seljedalen skole, Møhlenpris skole, Krohnengen skole, Kronstad skole x 2, Aurdalslia skole og Lyshovden oppvekstun.

Elevene på Kronstad skole framførte også sin komposisjon på åpningen av den nye høgskolen på Kronstad (HiB)

Det var 270 deltagende barn i våre DKS-prosjekter i 2014, og 1685 publikummere til disse DKS-prosjektene.

Planar framover (2015) (Det vert ettersend ein meir detaljert framdriftsplan som også beskriv andre aspekt av den faglege utviklinga (forfatta av fagleg leiar Ole André Farstad)

Komposisjons- og instrumentmakarverkstad på Bergen offentlege bibliotek fire laurdagar frå 31.1. <http://bergenbibliotek.no/ung/komposisjonsverksted>
Avslutningskonsert (offentleg) laurdag 18.4. (bilete og plakat vedlagd). Vert gjenteke hausten 2015.

"Lydgrotten – en magisk lydforestilling for barn fra 3 år" Spesialutvikla forestilling for born i barnehagealder på Barnas kulturhus i Bergen 10. – 13.4. (førestillingar for barnehagar, samt offentleg førestilling.) Born deltok i førestillinga med egne lydar som dei hadde "teke med seg" (førebudd i barnehagane. (bilete og plakat vedlagd) – førestillinga vert truleg teken opp att på Barnas kulturhus, og eventuelt andre stader i fylket hausten 2015.
<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/barnas-kulturhus/9382/9384>

Kurs med Tim Steiner for alle komponistar/workshopleiarar 18.3.

Familiekonserten "Fabula Grande – vi komponerer!" i Bergen filharmoniske orkester sin familiekonsertserie 19.9.

Oppsummering – erfaringer så langt

Våre erfaringer så langt er at det har oppstått en stor ny giv i komposisjonsprosjektene våre for barn. Vi har alltid fått gode skussmål fra elever og lærere, men nå ser vi også en stor inspirasjon blant komponistene/musikerne som jobber i prosjektene, det er faglig utviklende for dem på et profesjonelt nivå. De som jobber med barna er alle komponister eller kreativt skapende musikere. Vi har skapt et stort repertoar av lyd- og klangmuligheter, og resultatene av barnas komposisjoner er tidvis meget interessante å lytte på, også for de som jobber med (samtids)musikk. Tidligere jobbet vi utelukkende akustisk, men teknologi og oppmikking har gitt et stort tilfang og utvidelse av det musikalske uttrykket. Det er nå totalt sett en større palett av musikalske muligheter. Vi har også frigitt tid til den skapende prosessen, da det tidligere ofte ble nødvendig å bruke mye tid på innøving. Orff-instrumenter og lignende krever en større grad av puls/rytmikk. Nå kan man fristille seg mer fra rytme, og ha deler som spiller mer på andre musikalske parametre og teksturer.

Erfaringene fra BIT20s pågående utviklingsarbeid kan trolig ha overføringsverdi til flere kunstformer. Barna får en erfaringslæring gjennom å være *deltakere i en kunstnerisk prosess*. De får oppleve, skape og framføre musikk som befinner seg innenfor en helt annen lydlig verden enn den de er eksponert for ellers. Man kan legge bedre til rette for barnas kreative, skapende krefter ved å gi dem flere måter å møte og gå inn i et kunstnerisk univers. Man kan ta deres kunstneriske uttrykk på alvor og la profesjonelle kunstnere skape egen kunst i samarbeid med dem, eller inspirert av dem. Her er mange muligheter som vi ønsker å utforske videre, gjerne i samarbeid med andre kunstorganisasjoner.